



Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

Møtedato: 19.10.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
055/2023	Referatsaker
056/2023	Orienteringssaker
057/2023	Økonomirapportering pr 2. tertial 2023
058/2023	Forvaltningsrevisjon- oppfølging av politiske vedtak
059/2023	Forankring av prosjektplan for friluftslivets ferdselsårer
060/2023	Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr
061/2023	Kommunal kai i Langedalen

12. oktober 2023

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/303

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Referatsaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
055/2023.1	Referat - dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 28.08.23 - 29.08.23
055/2023.2	Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 28. og 29.08.23

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/303

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
056/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
056/2023.1	Møteutskrift - overføringsdokument til nytt kontrollutval

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-210	23/182

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Økonomirapportering pr 2. tertial 2023

Forslag til vedtak:

Årsbudsjettet for 2023 vert justert i tråd med innhaldet i denne saka i tråd med tabellane under:

Framlegg til justering driftsbudsjettet:

	Framlegg	Jan-aug		
	Justert budsj	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett
Løyvingsoversyn - drift		2023	2023	2023
Rammetilskudd	26 015 000	16 678 522	26 200 000	25 400 000
Inntekts- og formueskatt	14 520 000	22 602 390	14 300 000	14 233 000
Eiendomsskatt	29 956 000	13 448 735	26 560 000	26 100 000
Andre generelle driftsinntekter	26 151 000	2 647 000	25 100 000	21 890 000
Sum generelle driftsinntekter	96 642 000	55 376 647	92 160 000	87 623 000
Sum bevilgninger drift, netto	89 357 971	63 572 950	85 865 971	77 950 505
Avskrivninger	7 668 000	0	7 700 000	7 700 000
Sum netto driftsutgifter	97 025 971	63 572 950	93 565 971	85 650 505
Brutto driftsresultat	-383 971	-8 196 303	-1 405 971	1 972 495
Renteinntekter	700 000	229 895	400 000	366 300
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	380 000		500 000	200 000
Renteutgifter	3 200 000	1 777 959	3 100 000	2 870 100
Avdrag på lån	2 500 000	1 640 040	2 500 000	2 500 000
Netto finansutgifter	-4 620 000	-3 188 104	-4 700 000	-4 803 800
Motpost avskrivninger	7 668 000		7 700 000	7 700 000
Netto driftsresultat	2 664 029	-11 384 407	1 594 029	4 868 695

Disponering eller dekning av netto driftsresultat	Framlegg		Jan-aug	
	Justert budsj	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett
	2023	2023	2023	2023
Overføring til investering	4 407 063	0	4 524 000	3 628 000
Avs til bundne driftsfond	24 800	71 108	24 800	24 800
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-203 390	-121 600	-121 600
Avs til disp fond	6 874 487	0	6 465 500	8 636 396
Bruk av disp fond	-8 520 721	0	-9 298 671	-7 298 901
Dekning av tidligere års merforbruk				
Sum disp/dekning av netto driftsresultat	2 664 029	-132 282	1 594 029	4 868 695

Løying pr budsjettområde:	Jan-aug			
	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett
	2023	2023	2023	2023
Rådmannen/sentraladm	17 440 000	13 353 035	16 900 000	16 786 437
Kultur	2 875 000	2 230 852	2 500 000	2 174 575
Næring	4 299 701	1 804 931	4 299 701	2 799 701
Sosial og barnevern	5 800 000	3 496 392	4 800 000	1 915 980
Skule	13 500 000	8 306 046	13 500 000	13 385 500
Barnehage	6 200 000	3 813 510	6 550 000	6 780 410
Pleie og omsorg	21 700 000	13 838 887	21 200 000	17 124 875
Kommunelege	9 600 000	6 396 842	8 850 000	8 632 049
Teknisk	17 200 000	11 765 316	16 500 000	15 173 318
Sentrale postar	-10 703 730	-1 432 861	-10 303 730	-8 192 340
Småinvesteringar	1 447 000		1 070 000	1 370 000
	89 357 971	63 572 950	85 865 971	77 950 505

Framlegg til justering investeringsbudsjettet:

	Framlegg			
	Justert budsj	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj
	2023	2023	2023	2023
Investeringer i varige driftsmidler	5 585 063	1 158 362	5 470 000	4 010 000
Tilskudd til andres investeringer				
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	231 000	230 928	250 000	250 000
Utlån av egne midler				
Avdrag på lån				
Sum investeringsutgifter	5 816 063	1 389 290	5 720 000	4 260 000
Kompensasjon for merverdiavgift	1 044 000	181 672	1 196 000	632 000
Tilskudd fra andre				
Salg av varige driftsmidler	500 000	0		
Salg av finansielle anleggsmidler				
Utdeling fra selskaper				
Mottatte avdrag på utlån av egne midler				

Bruk av lån				0
Sum investeringsinntekter	1 544 000	181 672	1 196 000	632 000

	Prognose	Regneskap	Justert budsj	Oppr budsj
	2023	2023	2023	2023
Videreutlån (Husbanklån)	1 500 000	300 000	1 500 000	1 500 000
Bruk av lån til videreutlån (Husbanklån)	1 500 000	0	1 500 000	1 500 000
Avdrag på lån til videreutlån	535 000	324 638	360 000	360 000
Mottatte avdrag på videreutlån	595 000	647 249	360 000	360 000
Netto utgifter videreutlån	-60 000	-22 611	0	0
Overføring fra drift	-4 407 063		-4 524 000	-3 628 000
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	195 000			
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond				
Dekning av tidligere års udekket beløp				
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-4 212 063	0	-4 524 000	-3 628 000
Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0		0	0

	Framlegg			
	Justert budsj	Regnskap	Justert budsj	Oppr budsj
		2023	2023	2023
Oppgradering komm. bygg		0	0	300 000
VA-tiltak av investeringsmessig karakter		0	0	400 000
Uføresette investeringar		0	0	200 000
Ventilasjonsanlegg Modalstunet	2 400 000	727 515	2 400 000	800 000
Oppgradering uteområde Mo skule		0	0	500 000
Turvegar - Dagsturhytta	250 000	250 000	250 000	250 000
Rassikring Kleivane	61 875	61 875	0	0
Mo skule - Pergola	53 188	53 188	0	0
Bowling - Bryggjeslottet	2 820 000	65 783	2 820 000	1 300 000
Ladepunkt for el-bil, Modalstunet		0	0	160 000
Pergola, barnehagen		0	0	100 000
TOTALT	5 585 063	1 158 362	5 470 000	4 010 000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om økonomistoda pr 2. tertial 2023. Rapporten er basert på rekneskapen for månadane januar – august. På grunnlag av rekneskapen pr 31. august, og det me veit om, og ventar om utviklinga vidare, er det gjort vurderingar samt laga prognosar for heile budsjett-/rekneskapsåret 2023.

Vurdering

SAMANDRAG

Hittil i 2023 er det gjort 3 vedtak i kommunestyret som påverkar budsjettvedtaket som vart gjort i desember. Desse vedtaka er gjort i KS-sak 008/23, KS-sak 024/23 og KS-sak 032/23.

KS-sak 008/23:

Løyving til tilskot frå næringsfondet er auka med kr 1,5 millionar, finansiert med bruk av næringsfondet.

KS-sak 024/23:

Omdisponering av investeringsmidlar til å finansiere meirutgift knytt til bowling på Bryggjeslottet og ventilasjonsanlegg på Modalstunet. Vedtaket omfattar òg justering av småinvesteringar i drifta. Nettoeffekt av endringane er auka bruk av disposisjonsfondsmidlar med kr 596 000.

KS-sak 032/23:

Justering av driftsbudsjettet basert på dåverande prognosar og forventningar om den økonomiske utviklinga i 2023 i samband med 1. tertialrapportering

Prognose

Netto driftsresultat:

Gjennomgang av utgift og inntekt pr 31. august og venta utvikling resten av året, syner ytterlegare netto auke i utgiftene til tenesteområda. I samband med budsjettjusteringane vart det lagt til grunn ein innstramming i høve til årsprognosane på om lag kr 1,5 millionar. Det samla biletet er no at samla utgifter er venta å bli enno høgare enn me la til grunn i prognosane i vår. Samla netto utgiftsbehov/-prognose, slik det går fram av linja «Sum bevilgningar drift, netto» i Løyvingsoversyn drift, aukar til kr 89,6 millionar, der justert budsjett er kr 85,9 millionar.

På den positive sida er det endringar i eigedomsskatten som bidrar til auka inntekt med nesten kr 3,4 millionar. Det er òg venta auke i årsinntekta knytt til skatt/rammetilskot, samt integreringstilskot til flyktningar.

Etter budsjettjusteringa i sak 023/23 (1. tertialrapportering) var netto driftsresultat budsjettert til å verte kr 1,59 millionar. På bakgrunn av prognosane som no er laga for heile 2023 er netto driftsresultat venta å bli kr 2,46 millionar.

Disposisjonsfond:

Eit driftsresultat som prognosane syner får konsekvensar for disposisjonsfondsmidlane. Til tross for gode driftsresultat har midlane gått nedover dei siste åra, og me ligg ved utgangen av 2022 på om lag kr 5 millionar i disposisjonsfondsmidlar. Målsetjinga på nivået på disposisjonsfondsmidlane er fastsett til 10 % av årleg driftsinntekt. Budsjettert driftsinntekt for 2023 er om lag kr 115 millionar, og samla disposisjonsfondsmidlar skulle såleis vore over kr 11,5 millionar ved utgangen av året for å tilfredsstille den målsetjinga.

Med eit driftsresultat på om lag kr 2,5 millionar, vil disposisjonsfondsmidlane reduserast til om lag kr 3,3 millionar. Dette er eit lågt nivå, langt under målsetjinga, og me har relativt liten buffer for eventuelle ytterlegare avvik/meirutgifter, samt finansiering av investeringsutgifter i åra som kjem.

Framlegg om justering

I denne saka vert løyvingar og inntektspostar tilrådd justert for å ha eit mest mogleg realistisk budsjett i høve til gjeldande drift. Det vert ikkje tilrådd noko innstramming på løyvingane, då det er svært kort tid igjen av året og lita tid til å gjere tiltak. Justeringar og tiltak må sjåast på i samband med prosess og handsaming av budsjett- og økonomiplan. Sjå meir om framlegg til justeringar i 2023 til slutt i saksframlegget under Konklusjon, samt framlegg til vedtak.

LØYVINGSOVERSYN DRIFT

	Jan-aug			Heilår	
	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett	Rekneskap
Løyvingsoversyn - drift	2023	2023	2023	2023	2022
Rammetilskudd	26 015 000	16 678 522	26 200 000	25 400 000	22 020 086
Inntekts- og formueskatt	14 520 000	22 602 390	14 300 000	14 233 000	15 499 409
Eiendomsskatt	29 956 000	13 448 735	26 560 000	26 100 000	21 615 317
Andre generelle driftsinntekter	26 151 000	2 647 000	25 100 000	21 890 000	22 483 843
Sum generelle driftsinntekter	96 642 000	55 376 647	92 160 000	87 623 000	81 618 655
Sum bevilgninger drift, netto	89 357 971	63 572 950	85 865 971	77 950	69 582 142

	505				
Avskrivninger	7 668 000	0	7 700 000	7 700 000	7 785 382
Sum netto driftsutgifter	97 025 971	63 572 950	93 565 971	85 650 505	77 367 524
Brutto driftsresultat	-383 971	-8 196 303	-1 405 971	1 972 495	4 251 131
Renteinntekter	700 000	229 895	400 000	366 300	498 426
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	380 000		500 000	200 000	207 613
Renteutgifter	3 200 000	1 777 959	3 100 000	2 870 100	1 489 268
Avdrag på lån	2 500 000	1 640 040	2 500 000	2 500 000	2 499 990
Netto finansutgifter	-4 620 000	-3 188 104	-4 700 000	-4 803 800	-3 283 219
Motpost avskrivninger	7 668 000		7 700 000	7 700 000	7 785 382
Netto driftsresultat	2 664 029	-11 384 407	1 594 029	4 868 695	8 753 294

	Jan-aug			Heilår	
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	Prognose 2023	Rekneskap 2023	Justert budsj 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
Overføring til investering	4 407 063	0	4 524 000	3 628 000	11 785 827
Avs til bundne driftsfond	24 800	71 108	24 800	24 800	353 920
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-203 390	-121 600	-121 600	-783 536
Avs til disp fond	6 674 487	0	6 465 500	8 636 396	7 598 405
Bruk av disp fond	-8 520 721	0	-9 298 671	-7 298 901	-10 201 322
Dekning av tidligere års merforbruk					
Sum disp/dekning av netto driftsresultat	2 664 029	-132 282	1 594 029	4 868 695	8 753 294

	Jan-aug			Heilår	
Løyving pr budsjettområde:	Prognose 2023	Rekneskap 2023	Justert budsj 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
Rådmannen/sentraladm	17 440 000	13 353 035	16 900 000	16 786 437	5 926 017
Kultur	2 875 000	2 230 852	2 500 000	2 174 575	1 962 577
Næring	4 299 701	1 804 931	4 299 701	2 799 701	2 238 484
Sosial og barnevern	5 800 000	3 496 392	4 800 000	1 915 980	2 746 600
Skule	13 500 000	8 306 046	13 500 000	13 385 500	11 906 598
Barnehage	6 200 000	3 813 510	6 550 000	6 780 410	5 287 882
Pleie og omsorg	21 700 000	13 838 887	21 200 000	17 124 875	19 660 595
Kommunelege	9 600 000	6 396 842	8 850 000	8 632 049	8 161 165
Teknisk	17 200 000	11 765 316	16 500 000	15 173 318	16 796 344
Sentrale postar	-10 703 730	-1 432 861	-10 303 730	-8 192 340	-5 749 203
Småinvesteringar	1 447 000		1 070 000	1 370 000	645 083
	89 357 971	63 572 950	85 865 971	77 950	69 582 142

SENTRALE INNTEKTSPOSTAR

Skatt og rammetilskot

Me har oppdatert prognose over samla inntekt frå skatt og rammetilskot på bakgrunn av KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot etter Revidert nasjonalbudsjett for 2023.

- Budsjett 2023 kr 55,9 millionar
- Prognose 2023 kr 56,2 millionar

Eigedomsskatt

Utskriven eigedomsskatt for 2023 medfører ei inntekt som er noko høgare enn i budsjettet.

- Budsjett 2023 kr 26,56 millionar
- Prognose 2023 kr 29,96 millionar

Auken i eigedomsskatteinntekt knyt seg til endra likning/eigedomsskattegrunnlag for åra 2016-2017 og 2019-2021 og gjeld Eviny Fornybar AS sine kraftproduksjonsanlegg. Me får ikkje opplysningar og detaljar og bakgrunn for endringane i samband med endra likning, men det heng truleg saman med endring av rekneskapsføring av utgifter til damrehabilitering, der praksis har måtta bli endra for kraftproduksjonsselskapa etter ein høgsterettsdom hausten 2020.

Andre generelle driftsinntekter

På denne posten inntektsførast konsesjonsavgift, naturressursskatt og integreringstilskot. Meirinntekt knyt seg i hovudsak til integreringstilskot.

- Budsjett 2023 kr 25 100 000
- Prognose 2023 kr 26 151 000

Prognosen er sett saman slik: Konsesjonsavgift kr 5,9 millionar, naturressursskatt kr 15,63 millionar og integreringstilskot kr 4, 578 millionar og kompensasjonstilskot kr 40 000.

Finanspostane

Rentenivået har auka vidare i 2023 etter svært stor auke i løpet av 2022. Pr 1.1. 2022 låg 3 månaders Nibor-rente på om lag 1,0 %, og var pr 1.1.2023 auka til 3,26 %. Pr 24. mai i 2023 var den auka vidare til 3,82 % og i skrivande stund er 3 MNibor 4,73 %.

Venta renteutgift 2023 er auka til om lag kr 3,2 millionar, avdragsutgift framleis kr 2,5 millionar, og

rente-/avkastningsinntekt er venta å bli omlag kr 1 080 000.

I forhold til 2022 ventar me såleis meir enn ein dobling av renteutgiftene, medan avdragsutgift er rekna til same nivå som i fjor. Når det gjeld rente- og avkastningsinntekt ventar me ein auke knytt til renteauke, men denne avgrensast av reduserte midlar som gjev renteinntekt/avkastning.

- Budsjett 2023 Netto finansutgift kr 4,7 millionar
- Prognose 2023 Netto finansutgift kr 4,6 millionar

BUDSJETTOMRÅDA SOM KOMMUNESTYRET HAR GJEVE NETTOLØYVINGAR TIL

I samband med 2. tertialrapport har utgift og inntekt for alle budsjettområda vorte gjennomgått. Påløpt utgift og inntekt har vorte vurdert, og det har vorte laga prognosar for heile året som samanstillast med årsbudsjettet. Lønsumgiftene i 2023 er som nemnt i 1. tertialrapport merkbar påverka av høgt lønsoppgjer, der lønspåslaga i snitt ligg rundt 5,7 %. Med verknadstidspunkt 1. mai utgjer det ein årslønsvekst på 3,6 %. I tillegg har me overheng frå 2022 på om lag 1,3 % samt lønsglidning. Samla kjem lønsveksten såleis over 5 %. KS har sagt at resultatet ligg innanfor ei ramme på 5,4 %. Lønsumgiftene er gjennomgått etter oktoberløna med alle lønsoppgjer på plass. Ny vurdering av lønspostane samt pensjon og arbeidsgjevaravgift, der reguleringspremie knytt til pensjon er teke omsyn til, fører til noko høgare utgift enn ved førre vurdering/rapportering.

Meirutgift dempast noko av meirinntekt på sjukeløns- og fødselspengerefusjon, samt av meirinntekt knytt til premieavvik på pensjon. Men premieavvik inntektsførast på sentrale postar (nest siste linja i løyvingsoversynet) og dekker ikkje avvika direkte på dei ulike budsjettområda.

RÅDMANNEN/SENTRALADMINISTRASJON:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31.aug	Heilår	i %
13 353 035	16 900 000	79,0 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Utgiftene ligg svært høgt, men det er vanleg for dette området tidleg på året. Mykje utgift knytt til lisensar, forsikringar, gebyr og kontingentar som gjeld heile året vert betalt og rekneskapsført i løpet av dei 8 fyrste månadane. Det same gjeld interkommunale samarbeid. Det er mange felleskostnader som vert utgiftsført på dette området. Nokre av utgiftene er nye, og nokre aukar meir enn venta. Uføre sette utgifter på andre område har òg vorte utgiftsført her og påverkar samla utgift i ein slik grad at venta nettoutgift vil overstige budsjettet ved årsslutt.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
8 588 595	16 786 000	17 124 000

Prognosen er noko høgare enn årsbudsjettet. Sjå kommentar over. Samla utgift til felleskostnader, løn/pensjon som nemnt i eige avsnitt over påverkar negativt. Det er òg noko meirutgift i høve til budsjettet når det gjeld kantina, i hovudsak knytt til høgare innkjøpsutgifter for matvarer samanlikna med i fjor. Kostandene til kantina skal delast likt mellom kommunen, Uni Micro og Mobile Worker i høve til tal på tilsette.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær for rådmannen/sentraladministrasjonen inkl kultur: 2,3 %.

Fråværet omfattar rådmannen sitt område, inkl kundetorg, kommunekasse, kantine, næring og kultur.

KULTUR:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31.aug	Heilår	i %
2 230 852	2 500 000	89,2 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Kultur dekkjer områda kulturarrangement, drift av Bryggjeslottet og Bibliotek. For 1. tertial fekk me justert budsjettet noko for lønskostnader knytt til auka bruk av badevakter, men me har framleis avvik knytt til Bryggjeslottet.

Ved fastsetjing av inntekt for 2023 venta me at bowlingbana skulle vere på plass frå sommaren 2023. Ein del av inntekta for Bryggjeslottet er knytt til bruk av bowlingbana. Slik det ser ut no, vil me ikkje ha ei bowlingbane på plass før nærare årsskifte.

Hovudinntekta er knytt til fakturering av brukarar med årskort. Bassenget er no kun tilgjengeleg for brukarar når det er offentleg bading med badevaktar. Me har utvida bassengtida for å kompensere

for dette.

Brukarar med årskort til symjehall og styrkerom har ikkje fått tilsendt faktura for 2023. Dette vil utgjere om lag 270 000. Det har vore gjort vurderingar knytt til å sende ut faktura med halv pris, men dette går me no vekk frå, då me treng denne inntekta for å få budsjettet i balanse. I tillegg ser me at årskortpris for bruk av Bryggjeslottet, som utgjør kr 1 430 for fastbuande og kr 2 280 for eksterne er svært rimeleg samanlikna med liknande typar aktivitetstilbod i andre kommunar.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
2 230 852	2 500 000	2 875 000

Sjå kommentarar over knytt til meirutgift. Utover dette er det og meirutgift knytt til Modalsdagane, og oppdaterte vurderingar knytt til løn/pensjon, jfr kommentar i eige avsnitt tidlegare i saksframlegget.

Sjuefråvær:

Sjuefråvær for Kultur er oppgjeve saman med rådmannen/sentraladministrasjon.

NÆRING:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
1 804 931	4 299 701	42 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta og dei løpande utgiftene er i tråd med kva som er venta. Det er sett i gong revisjon av strategisk næringsplan.

Det er tidlegare gjort vedtak i kommunestyret om budsjettendring knytt til tilskot frå næringsfondet med kr 1 500 000 , jfr KS vedtak 008/2023. Løyvinga vart med det auka frå kr 2 799 701 til kr 4 299 701.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
1 804 931	4 299 701	4 299 701

Kommunestyret vedtok i møtet 23.02.2023 budsjettendring til næringsfondet frå opprinneleg budsjett på kr 1 500 000,- , jf. KS vedtak 008/2023. Det er ikkje venta at ein nyttar heile budsjettet i næringsfondet for 2023, men dette må avsettast jamfør løyvde tilskot og lån. Det vil vere naudsynt å bygge opp ei større buffer til framtidig prioritert bruk jf. revidert strategisk næringsplan som er under arbeid i 2023.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær for næringsområdet er oppgjeve saman med rådmannen/sentraladm. Det er kun deler av ei stilling som knyt seg til dette budsjettområdet.

SOSIAL OG BARNEVERN:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
3 496 392	4 800 000	72,8 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Utgiftene er omtrent som venta. Dette er eit område med store svingingar etter brukarbehov, og det er såleis viktig å ha rom i budsjettet for utgifter knytt til tiltak som kan komme i løpet av året.

I tillegg til NAV/sosialteneste med sosialstønad og barnevernsteneste med utgifter til tiltak, omfattar området flyktningetenesta. Det påløper såleis utgifter til busetjing og integrering av flyktningar, inkludert vaksenopplæring. Utgiftene førast på dette budsjettområdet, medan integrasjonstilskotet som er det største tilskotet til finansiering av utgiftene til flyktningar vert rekneskapsført på posten Andre generelle driftsinntekter og inngår såleis ikkje i nettobeløpet til Sosial og barnevern (Sjå kommentar over under overskrifta Andre generelle driftsinntekter).

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
3 496 392	4 800 000	5 800 000

Prognosen for 2023 framkjem etter ein vurdering av utgifter knytt til integrering og busetjing av flyktingar inklusiv introduksjonsstønad, sosialteneste og -stønad, barnevernsteneste og -tiltak samt skjenkekontroll. Årsprognosen aukast med kr 1 million til til kr 5,8 millionar. Inntekt i Løyvingsoversikt drift vert auka tilsvarande.

Sjukefråvær:

Det er kun deltidstillingar knytt til området og fråværet vert oppgjeve saman med Rådmannen/sentraladministrasjon.

SKULE:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
8 306 046	13 500 000	61,5 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Det har kome til elevar i løpet av året som det er knytt høgare kostnad til. Dette gjev utslag på løn både innan undervisning og Sfo. Desse utgiftene vert refundert frå annan kommune ved slutten av året. Det kan difor verte eit avvik fram mot nyttår, men dette skal retta seg ved årsslutt.

Elles er rekneskapen fint i balanse, med litt lågare prosentvis forbruk dette året samanlikna med tidlegare år.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
8 306 046	13 500 000	13 500 000

Det er ikkje venta større endringar i løpet av året.

Sjuefråvær:

Sjuefråværsprosent for Mo skule: 6,5 %

Mo skule har eit fråvær for dei åtte fyrste månadane på 6,5%. Det er lite korttidsfråvær ved eininga. Langtidsfråværet knyter seg til få tilsette. Alle desse er no anten attende i arbeid eller over i andre ordningar. Det er venta at fråværet vil gå meir ned fram mot nyttår.

BARNEHAGE:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
3 813 510	6 550 000	58,2 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Det er venta meirinntekt i refusjonar frå andre kommunar. Noko høgt forbruk på sjukevikarar. Sjukelønsrefusjon er noko mindre då fråværet ofte er under arbeidsgjeverperioden.

Barnehageåret fylgjer ikkje budsjettåret.

Har meirutgifter til ferievikarar. Det er endringar i alderen på ungjobb som kjem inn under ordninga, og færre frå ungjobb som ynskjer å vera i barnehagen. Dette gjer at me har trengt fleire ferievikarar for å løyse feriekabalen.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31.aug	Heilår	Heilår
3 813 510	6 550 000	6 200 000

Det kan sjå ut til at me vil få eit samla mindreforbruk på kr 350.000. Årsaka er at det er venta meir refusjon frå andre kommunar enn det som er budsjettert. I tillegg har me utlyste stillingar som me ikkje har fått tak i folk til. Dette resulterer i eit mindreforbruk på lønspostane. Om me får tak i tilsette i dei ubesette stillingane kan mindreforbruket verta noko redusert.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosent for barnehagen: 7,9 %

Sjukefråværet har gått litt ned. Endringa no er at det ikkje er det lengste langtidsfråværet som er høgt, men kortare fråværsperiodar frå 11-40 dagar. Dei fleste er innanfor arbeidsgjevarperioden, det gjer at me får mindre i sjukerefusjon.

Alle sjukemeldte vert fulgt opp. Det er mykje vikarbruk i dei ubesette stillingane, noko som gjer det tyngre for dei faste tilsette å stå i over tid. Me prøver å bruke faste vikarar, men er lite vikarar tilgjengeleg.

PLEIE OG OMSORG:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
13 838 887	21 200 000	65,3 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Utgifter:

Me har nytta vikarbyrå i 2 vakante sjukepleiarstillingar tom 6 august. Det er tilsett 4 nye sjukepleiarar frå juli - sept.

Årsturnus er innført i drifta og der inngår 14 timars vakter for tilsette som har ynskt det.

Auke i avtalefesta tillegg frå 01.01.23 sentralt, noko som ikkje var teke høgde for i budsjettet. I tillegg vil avtalefesta tillegg auke på grunn av tilsetning 4 nye sjukepleiarar inkl. Øyeblikkeleg hjelp – dagsenger (ØHD).

Det har vore stor auke i matprisar som har gjeve stor auke i matutgiftene.

Det vil kome auke i utgifter knytt til omsorgstønad og avlastningsvedtak resten av året som ikkje teke med i budsjettet. Det er førebels ikkje avklart kostnad knytt til omsorgstønad frå september, då me ventar på avklaring frå NAV.

ØHD plasser på Modalstunet implementerast frå 01.01.23. Det er tilsett 1 sjukepleiar for å gje forsvarleg drift til dette lovpålagte tilbodet i kommunen. Plassar til ØHD har tidlegare vore kjøpt frå med Alver kommune, men Alver har sagt opp avtalen frå januar. Det gjer til at me må drive ØHD plassar i eigen kommune. Her vert det arbeidd ilag med Helsesenteret og kommuneoverlegen.

Ass. Pleie- og omsorgsleiar er frå hausten teke ut til administrative oppgåver, då nytt journalsystem skal implementerast i drifta og gje tilsette opplæring. Pleie- og omsorg forvalter og tenester knytt til Helsesenteret. I tillegg er det knytt nye oppgåver til administrasjon i høve implementering digitale verkty, som mobil omsorg, Digihelse, Velferdsteknologi, Kjernejournal, KS heilhetleg tjenestemodell prosjekt (Planlagt ferdig april 2024). 1 sjukepleiar som er tilsett går inn i drifta for ass.leiar resten av året.

Fram til 6. august har det vore nytta vikarbyrå for å dekke ledige sjukepleiarstillingar ved sjukefråvær. Dette er teke høgde for i drifta og lagt inn i budsjettet ved justering i samband med 1. tertialrapport. I tillegg har leiarar gått inn i drifta i ferieavviklinga grunna sjukefråvær hjå sjukepleiarar for å kunne ha forsvarleg drift. Dette har utløynt auke i utgifter til overtidsbruk, noko som ikkje var lagt inn i budsjettet. På bakgrunn av tilsetning av nye sjukepleiarar, ser ein føre seg å kunne dekke drifta ut året utan at leiarar må gå inn i drifta.

Me må ta høgde for auke i sjukefråvær utover haust/vinter knytt til sesonginfluensa, Covid og vanleg forkjøling. Dette vil i hovudsak vere kortare sjukefråvær og ikkje langtidsfråvær, men vil kunne føre til at leiarar òg må ta del i drifta, noko som vil gje auke i overtidsutgifter.

Inntekt:

Det er gjort avtale om 2 leigeplassar til Alver kommune ut 2023. I budsjett er det lagt inn ein 1/2 leigeplass i tillegg til dei 2. Denne er ikkje nytta, og me vil ha lågare inntekt enn lagt til grunn i budsjettet. Dersom drifta tillet det, vil me kunne tilby andre kommunar plass, om det vert etterspurnad.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
13 838 887	21 200 000	21 700 000

Det vil verte meirutgift knytt til overtidsbruk, avlastningstiltak og omsorgsstønad, samt mindreinntekt knytt til sal av institusjonsplassar. Netto meirutgift dempast noko av mindreutgift på ymse andre lønspostar.

Me tek høgde for redusert inntak av personale ved fråvær og høgtidsdagar, men må syte for forsvarleg drift. Me tek sikte på ikkje ha innleige frå vikarbyrå resten av året.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosenten for pleie og omsorg: 11,3 %

Største prosenten er langtidsfråvær, der det har vore 100 % stillingar ute i sjukefråvær. Noko

korttidsfråvær – mest 1- 3 dg. Fråvær vert fulgt opp via IA avtalen. Me har månadlege møter med HTV og verneombod i høve oppfølging og tiltak, og går gjennom handlingsplan på kvart personalmøte som er utarbeidd etter AMUS kartlegginga hausten 2021.

KOMMUNELEGE:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
6 396 842	8 850 000	72,3 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Helseininga har utført fleire pasientbehandingar, hatt større legeressurs og større stilling for både helsesjukepleier og helsesekretær samanlikna med i fjor. Kontoret har vore ope heile året alle dagar unntatt fredag, og pasientane får time på dagen. Drifta er i tråd med budsjett. Lønsutgift speglar meirarbeid med vaksinerings og ei spesiell hending.

Legekontoret har trong for utbetring og fornying, men småinvesteringar er ikkje utført. Ekstra kontor i andre etasje gjer at alle no har naudsynt arbeidsplass. Psykiatrisk sjukepleiar har nettopp starta i vidareutdanning og vil gå i 50 % stilling ei stund frametter.

Me er særst nøgde med å ha fagfolk i alle stillingane våre no.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
6 936 842	8 850 000	9 600 000

Meirutgifta knyt seg i hovudsak til legevaktsamarbeid, samt lønspostar inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift. Det er utgift til vikarlege/ferievikarar som drar opp lønspostane i tillegg til noko korreksjon av feilbudsjettering. Det har vore svært stor auke i utgifta til legevaktsamarbeidet på Knarvik i regi av Alver kommune med ein auke på nesten kr 600 000 i høve til fjoråret. Ein auke på rundt 60 %. Ny fordelingsnøkkel med større fastdel på kvar kommune er hovudårsaka.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosenten for Kommunelege/helsesenter: 12,2 %.

Høg prosent er som venta denne perioden.

TEKNISK ETAT:

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
11 765 316	16 500 000	71,3 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Tekniske tenester har eit forbruk på 71,3 % forbruk etter dei 8 fyrste månadene. Det er høgt i høve til kva det burde liggje på. Årsaka er mellom anna prisauke, auka vedlikehald av eldre bygningsmasse, veg, vatn og avlaup. Tre nye brøyteavtaler er no på plass. Her er det prisauke på beredskap som er en del av brøyteavtalen.

Inntektene ligg noko lågt samanlikna med fjoråret på denne tida av året, og ut ifrå det som er budsjettert. Dei fleste kommunale bustadane er utleigd, men endå ligg vi noko lågt i høve til budsjettet. Forbruket er høgt og me vil få eit meirforbruk i høve løyvd ramme.

Innan reinhald er det auka lønsutgifter til vikarar og bruk av overtid. Årsaka er permisjon som er innvilga, ferieavvikling og sjukdom. Bruk av vikarar/overtid, vil stabilisere seg frå oktober. Då har me fått på plass 2 nyttilsette reinhaldarar og 2 ringevikarar. Reinhaldsbehovet har auka i kommunen. Prisstigning på innkjøp av varer og tenester har òg ført til auka utgift på reinhald. Private firma som leigar kontorlokale i kommunale bygg, har leigd inn kommunale reinhaldar til reingjering, noko som gjer at vi får inntekt.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31.aug	Heilår	Heilår
11 765 316	16 500 000	17 200 000

Det er stadig aukande behov for midlar til vedlikehald og reparasjonar av kommunale bygg, kommunale vegar og kommunale uteområde. Tendensen er at me får fleire akutte hendingar som går ut over driftsbudsjettet. Dei offentlege bygga i kommunen, Modalstunet, Barnehagen, Mo skule, Industribygget, Helsesenteret og Bryggjeslottet er no av eldre dato. Kommunale bustader oppgraderast årleg, men endå er det eit etterslep her. Vedlikehaldet gjeld blant anna utskifting av ventilasjon, vindauge, reparasjon av tak, oppussing innvendig og utvendig målararbeid, oppgradering av bebuarrom oppgradering av uteareal. Det erstort etterslep på vatn og avlaup i kommunen i høve nye krav, men dette må sjåast i samanheng med revidert hovudplan for vatn og avlaup. Det er ekstraavgift på serviceavtaler, nye brøyteavtaler og akutte hendingar grunna eldre byggmasse i kommunen. Ut i frå heilårsbudsjettet kan vi vente avvik mellom rekneskap og budsjett når året er

slutt.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosenten for teknisk: 6,4 %

På Tekniske tenester er fråværet svært låg, og redusert samanlikna med førre rapportering. Det er både langtidsfråvær og kortidsfråvær.

Innan reinhald er det høgare fråvær, men òg her går det nedover i høve til førre rapportering. Det er noko korttidsfråvær, men for det meste langtidsfråvær.

Tiltak: Fokus på god kommunikasjon og oppfølging av dei tilsette, tilrettelegging på arbeidsplassen og innkjøp av maskiner som kan lette arbeidet.

SENTRALE POSTAR:

Hovuddelen av postane på linja Sentrale postar i Løyvingsoversyn drift er inntekstpostar, og gjeld premieavvik knytt til pensjon og mva-kompensasjon.

- Budsjett 2023 kr 10 303 730
- Prognose 2023 kr 10 703 730

Meirinntekt premieavvik kr 0,4 millionar

Meirinntekt knytt til premieavvik baserer seg på oppdaterte prognosar frå KLP. Meirinntekta på denne posten er med på å dekke meirutgift knytt til pensjon på dei ulike budsjettområda.

SMÅINVESTERINGAR:

I opprinneleg vedteke budsjett for 2023 vart det løyvd samla kr 1 370 000 til tiltaka under. I KS-sak 024/2023 vart det vedteke endringar i småinvesteringane, slik at samla løyving er redusert til kr 1 070 000.

			Justert	Oppr	
	Prognose	Rekneskap	budsjett	budsjett	Kommentar
Utstyr til Modalstunet	100 000	49 005	100 000	100 000	Innkjøp pågåår
Kommunale veger	500 000		500 000	500 000	Ferdig - men har ikke motteke faktura enno
IKT utstyr til Mo skule	100 000	80 580	100 000	100 000	Innkjøp pågåår
Innkjøp av møbler til Helsesenteret	0	8 332	0	100 000	Står på vent til 2024 KS vedtak
Grunnundersøkingar på Mo	0		0	500 000	Står på vent til 2024 KS vedtak

Utstyr og inventar til ungdomslokale	70 000	68 419	70 000	70 000	Ferdig
Mo 36 - oppgradering	677 000	677 020	300 000	0	Ferdig, med meirutgift
Sum småinvesteringer	1 447 000	883 356	1 070 000	1 370 000	

Det er meirutgift til oppgradering av utleiebustad, Mo 36, slik at prognose vert kr 377 000 høgare enn løyvinga.

INVESTERINGAR:

Det vart gjort endringar i investeringsbudsjettet i KS-sak 024/2023. Mange løyvingar vart omdisponert til å finansiere auka utgifter knytt til Bowling ved Bryggjeslottet og Ventilasjon på Modalstunet. Det er såleis kun løyvingar til 3 prosjekt igjen i 2023, med ei samla utgiftsløyving på kr 5 470 000. Sjå under.

	Prognose	Regnskap	Justert budsj	Oppr budsj	
		2023	2023	2023	Merknad/kommentar
Oppgradering komm. bygg		0	0	300 000	Flytta til småinvesteringar i drift
VA-tiltak av investeringsmessig karakter		0	0	400 000	
Uføre sette investeringar		0	0	200 000	
Ventilasjonsanlegg Modalstunet	2 400 000	727 515	2 400 000	800 000	Under arbeid - ferdig i slutten av oktober
Oppgradering uteområde Mo skule		0	0	500 000	
Turvegar - Dagsturhytta	250 000	250 000	250 000	250 000	Ferdig
Rassikring Kleivane	61 875	61 875	0	0	Rest frå 2022
Mo skule - Pergola	53 188	53 188	0	0	Prosjektering
Bowling - Bryggjeslottet	2 820 000	65 783	2 820 000	1 300 000	Under arbeid - ferdig i 2023
Ladepunkt for el-bil, Modalstunet		0	0	160 000	
Pergola, barnehagen		0	0	100 000	
TOTALT	5 585 063	1 158 362	5 470 000	4 010 000	

I tillegg til dei 3 prosjekta med løyving i 2023 er det påløpt utgifter til Rassikring Kleivane og Pergola på skulen. Det fyrste er rest frå 2022 som kom for seint til å vere med i rekneskapen for 2022, og det andre er prosjekteringsutgift knytt til framtidig prosjekt på skulen. Begge treng løyving i 2023-budsjettet og det vert tilrådd justert.

Løyvingsoversyn investering:

	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj
	2023	2023	2023	2023
Investeringer i varige driftsmidler	5 585 063	1 158 362	5 470 000	4 010 000
Tilskudd til andres investeringer				

Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	231 000	230 928	250 000	250 000
Utlån av egne midler				
Avdrag på lån				
Sum investeringsutgifter	5 816 063	1 389 290	5 720 000	4 260 000
Kompensasjon for merverdiavgift	1 044 000	181 672	1 196 000	632 000
Tilskudd fra andre				
Salg av varige driftsmidler	500 000	0		
Salg av finansielle anleggsmidler				
Utdeling fra selskaper				
Mottatte avdrag på utlån av egne midler				
Bruk av lån				0
Sum investeringsinntekter	1 544 000	181 672	1 196 000	632 000
	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj
	2023	2023	2023	2023
Videreutlån (Husbanklån)	1 500 000	300 000	1 500 000	1 500 000
Bruk av lån til videreutlån (Husbanklån)	1 500 000	0	1 500 000	1 500 000
Avdrag på lån til videreutlån	535 000	324 638	360 000	360 000
Mottatte avdrag på videreutlån	595 000	647 249	360 000	360 000
Netto utgifter videreutlån	-60 000	-22 611	0	0
Overføring fra drift	-4 407 063		-4 524 000	-3 628 000
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	195 000			
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond				
Dekning av tidligere års udekket beløp				
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-4 212 063	0	-4 524 000	-3 628 000
Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0		0	0

I tillegg til justering av linje 1: Investering i varige driftsmidler er det lagt til grunn justering av linje 3: Investering i aksjer og andeler som knyt seg til egenkapitaltilskot til KLP.

Det er òg lagt inn inntekt frå sal av varige driftsmidler som knyt seg til avtalt sal av kyrkjelydstomta.

Det er vidare lagt til grunn noko justering både av avdragsbetaling på Husbanklån og mottekne avdrag på tilsvarande Husbanklån.

Samla vil det verte behov for noko mindre overføring frå drift enn budsjettert, og dermed noko mindre belastning av fondsmidlane våre.

FINANS

Oversyn vert lagt fram i kommunestyremøtet.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at rapporten vert teke til orientering, og at drifts- og investeringsbudsjettet vert justert i tråd med prognosane i rapporten. Dette vert tilrådd for å ha eit mest mogleg realistisk budsjett i høve til gjeldande drift, og det er svært kort tid igjen av året for å finne og iverksetje innsparingstiltak.

Framlegget til justeringar vil gje eit budsjettert netto driftsresultat på om lag kr 2,6 millionar. Med ei drift i tråd med dette vil disposisjonsfondsmidlane vere på om lag kr 3,3 millionar ved årsskiftet, mot om lag kr 5,1 millionar ved førre årsskifte. Strengt tatt burde resultatet vere høgare, jfr målsetjing om 3% av samla årsinntekt som netto driftsresultat. Men slik situasjonen er no, vil det vere mest riktig å tilpasse budsjettet til prognosane, og fokusere på tiltak i 2024 og åra som kjem. I skrivande stund er me i andre veka i oktober og lita tid til endringar/tilpasningar.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-217	22/341

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
058/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Forvaltningsrevisjon- oppfølging av politiske vedtak

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak» datert 14.08.23. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be rådmannen følgje opp tilrådingane i rapporten.
 - Når kommunestyret og politiske utval kjem med innspel om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane, gjennom vedtak. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.
 - Rådmannen kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglement knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.
 - Når kommunestyret og politiske utval kjem med innspel om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane, gjennom vedtak. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.
 - Rådmannen kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglement knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.
1. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 2.kvartal 2024.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har i møtet 27.09.2023 handsama sak 24/23 Rapport forvaltningsrevisjon. Sjå vedlegg

Saka vert oversendt til kommunestyret, jamfør § 4 i forskrift om kontrollutval og revisjon, og kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Vedlegg:

27 09 2023 Møteuskraft sak 2423 Forvaltningsrevisjon

Rapport Oppfølging av politiske vedtak-Modalen kommune

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kent Tur Amundsen	FA-C22	23/309

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Forankring av prosjektplan for friluftslivets ferdselsårer

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har invitert kommunane til å delta i eit nasjonalt prosjekt for utarbeiding av ein plan for friluftslivets ferdselsårer, som mellom anna skal betre turveggar, turstiar, turløyper og turløyd i kommunane. Prosjektet er forankra i klima- og miljødepartementet sin Handlingsplan for friluftsliv (2018) og skal betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltning og planlegging.

I Modalen kommune sin kulturplan vedtatt i september 2020, står det blant anna følgjande mål: «Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område» Me ønskjer å kartleggja eksisterande nettverk av ferdselsårer, samt finne ut kva som trengs av vedlikehald.

Me vil følgje dette opp med å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdselsårer. Dette arbeidet må forankrast politisk, og kan gjerast gjennom vedtak i kommunestyret eller det politiske utvalet som har ansvar for fagfeltet.

Finansiering:

Utgifter

Arbeid med prosjektplan, forankring og rekruttering kr. 25 000.-

Medverknadsprosess kr. 25 000.-

Annonsering og høyring	kr. 10 000.-
Kartlegging av no-situasjon	kr. 60 000.-
Sum	kr. 120 000.-

Inntekt

Fylkeskommunalt tilskot	kr. 60 000.-
Eige arbeid	kr. 60 000.-
Sum	kr. 120 000.-

Vurdering

For at kommunen sine ferdselsveger skal brukast av befolkninga, må desse vedlikehaldast. Då treng me kartlegging.

Konklusjon

Kommunestyret vedtek at me kan setja i gang prosjektet med å utarbeida ein plan for ferdselsårene ved friluftslivet i Modalen kommune.

Vedlegg:

Prosjektplan

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-M88, TI-&00	23/213

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr

Forslag til vedtak:

- I samsvar med forvaltningslova §37 blir framlegg til forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr, lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.
- Høyringsperioden er seks veker

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I 2016 kom det ei ny nasjonal forskrift om brannførebygging, med krav om å gjennomføre feiing og tilsyn av fyringsanlegg på ein annan måte. Den største endringa er at feiing og tilsyn skal vere risikobasert ut frå ein kartlagt risiko, og feiing og tilsyn skal gjennomførast i tråd med risikovurderinga. Frekvenskrava blei fjerna og erstatta med ei lokal risikovurdering. Det kom også krav til å kartlegge utsette grupper med særleg risiko, i tillegg til at hytter og fritidsbustader skal ha feiing og tilsyn på lik linje med bustadhus. Forskrifta er utarbeidd av Nordhordland brann og redning, i samarbeid med kommuneadvokaten i Alver kommune.

Vurdering

For å klargjere overgangen til eit risikobasert system, blir det lagt fram ei lokal forskrift som skal tydeleggjere at kommunen kan krevje inn gebyr uansett frekvens og tidspunkt. Gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg blir fastsett årleg av kommunestyret, og gebyr blir krevja inn frå alle som har fyringsanlegg, uavhengig av bruk. Gebyret er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn blir gjennomført, men blir gjennomført i tråd med ei risikovurdering. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg blir utført av Nordhordland brann og redning (NHBR), og dei praktiske konsekvensane av endringane i forskrifta blir handtert av avdeling for feiing og bustadtilsyn.

Framlegg til lokal forskrift blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova §37, med 6 vekers høyringsfrist. Dei andre kommunane i brannsamrådet, Austrheim og Alver, må også handsame den lokale forskrifta for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Konklusjon

I denne saka skal formannskapet legge ut eit framlegg til forskrift på høyring. Dette gjeld forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr.

Vedlegg:

Lokal forskrift feiing og bustadtilsyn 2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-P24, Gbnr-75/3	23/308

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
061/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Kommunal kai i Langedalen

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek å overdra den kommunale kaien i Langedal til Arne Hanstveit, Grethe Turid Hanstveit, Ottar Hanstveit og Terje Hanstveit som er eigar av gnr.75, bnr. 3 på vilkår som går fram av avtaleframlegg i vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Førespurnad frå grunneigar til Modalen kommune om å overta kai i Langedal.

I Langedal er det etablert ein gammal kommunal kai for dei 3 bruka i området. Kaien vart tidlegare nytta for rutebåt med transport av folk, varer og post. Det er nokre få som nyttar kaien i dag, då fleire grunneigarar og hytteeigarar i Langedal har alternativ tilkomst med båt. Det er heller ikkje stor allmenn trafikk til staden.

Arne Hanstveit, Grethe Turid Hanstveit, Ottar Hanstveit og Terje Hanstveit har overteke garden i Langedal. Kaien er lokalisert på deira eigedom.

Vurdering

Den kommunale kaien i Langedal er i dårleg stand og treng vøle. Det er få brukarar av kaien i dag. Kaien er lokalisert på eigedom gnr.75, bnr.3, som grunneigar er eigar av. Kommunen har i seinare år ikkje utført noko vedlikehald på kaien som har kommunal status.

I Langedal er det ingen fastbuande. Bruka er fråflytta og vert nytta som fritidseigedomar. Etter

rådmannen si vurdering vil det vere positivt at kaien vert overteken i privat eige, men då på vilkår som ikkje forringar etablerte bruksrettar for andre grunneigarar som har tilknytning til området. Om det ikkje er så mange som oppsøker Langedal i dag, så er dette eit fint område å dra til. Det er difor viktig at allmenn tilkomst til kaien også vert teke i vare.

Eigarane av gnr. 75, bnr.3 planlegg å ruste opp kaien slik at båt kan leggjast til der.

Den kommunale kaien ber preg av forsømt vedlikehald. Langedal er ein kulturhistorisk stad og det er viktig at anlegg og bygningar vert sett i stand og teke vare på. For Modalen kommune er det positivt at kaien vert sett i stand av grunneigarar.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at eigarane overtek kaien.

Vedlegg:

Avtaleutkast Langedal kai (3)